

Radøy kommune v/Konsulent Jan Torry Sande

Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
17/374 - 4 / AH / 241

Dato:  
15.08.2017

## **Svar på krav om innsyn i eldre arkiv Tilknytning til offentlig leidningsnett - kloakk 14/45 Soltvedt, Valdersneset**

Eg viser til kravet om innsyn.

Jf. arkivnøkkelen kan de sjå ut til at kommunen brukt arkivkode 547 for arkivering av tilknytning til offentlig leidningsnett. Eg har funne mange søknader frå gnr. 30 og opp til 100 arkivert på denne nøkkelen, men dessverre ikkje 14/45. Eg har også sett igjennom arkivkode 542 og 545, både i arkivet etter formannskapet og teknisk kontor.

I arkivet etter Teknisk fann eg denne saka som omhandlar kloakk på Valdersneset. Eg veit ikkje om denne saka er interessant for dykk, men sender ho med (sjå vedlegg).

Om de vil at eg skal leite på andre stader eller om noko er uklårt ta gjerne kontakt med underteikna

Med venleg helsing

Anita Haugen Lie  
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kloakk Valdersnes 1975-1976      1334759  
Teknisk kontor saksarkiv

15.08.2017

